

Kor gode er me på Vestlandet?

DET blir ofte ei sjølvgratulerande stemning på Vestlandskonferansen. Ein snakkar gjerne om næringslivssuksessen her vest, om energi-, shipping- og sjømatklyngene, om Vestlandet som eksportregion.

Gårsdagens konferanse i Bergen var for så vidt ikkje noko unntak. Den var prega av at Vestlandet nå, tydelegare enn nokon gong, sit i førarsetet i nasjonen – naturlegvis i den nye regjeringa, men også økonomisk.

– Det handlar ikkje om ein kamp mellom aust og vest, men om å utvikla dei internasjonalt orienterte næringane på Vestlandet som også er dei viktigaste for norsk økonomi. Eit styrka Vestland er eit nasjonalt spørsmål, sa administrerende direktør Marit Warncke i Bergen Næringsråd i sin helsingstale til konferansen.

SAMTIDIG VAR DET OGSÅ ei uro over forsamlinga. Vestlandsindeksen, som måler forventningane til næringslivsleiarane i landsdelen, viser at optimismen framleis er til stades, men i mindre grad enn for nokre år sidan. Seks av ti bedriftsleiarar ventar tøffare konkurranse, ein av fem trur det blir færre tilsette.

Skagen-direktør Harald Espedal gav næring til skepsisen då han åtvare mot å tru at oljenæringa vil vera like superlønnsam som før. Vestlandet har surfa på Kina-bølga – selt det som Kina kjøper og kjøpt det som Kina produserer. Det er ikkje sikkert at det er ein like vellykka strategi i det neste tiåret. Kostnadene blir ei stadig tyngre bær.

Også professor Rune Dahl Fitjar frå Universitetet i Stavanger helte ein del kaldt vatn i blodet på vestlandspatriotane. Bedrifter i Stavanger- og Bergens-området er framleis mindre innovative enn tilfellet er i Oslo, sjølv om avstanden har minka. Dei er også mindre opne og internasjonalt orienterte enn bedriftene i Oslo, sjølv om populærforestillingane seier det motsette. Næringslivet på Vestlandet er framleis meir regionalt orientert, på godt og vondt.

DEN DOMINERANDE haldninga blant næringsliv og politikarar, med næringsminister Monica Mæland (H) i spissen, er likevel at det er dei store klyngene som skal bera Vestlands-økonomien i mange år framover. Altså: olje og gass, skipsfart og sjømat. Og kanskje turisme. Desse næringane har eit generasjonsperspektiv, og eit stort globalt potensial. Me må byggja på det me er gode på, er omkvedet.

Trua på at kompetansen i desse klyngene er overførbær når det trengst, er også stor.

Vestlendingane har alltid greidd å omstilla seg når dei måtte, og vil greia det igjen. «Ting og tang går seg te», sa gründer Helge Møgster frå fiskarbondemiljøet i Austevoll.

Harald Espedal hentar også optimisme frå historia. Stavanger har alltid måtta leva med sterkt skiftande ytre vilkår, men kulturelle kvalitetar som entreprenørånd og omstillingsevne har vore dei stabile fortrinna. Og kanskje er ikkje klyngene så viktige for å skapa nye bedrifter – det kan vera vel så viktig at Stavanger er ein internasjonal by med mange flyruter ut i verda.

Strategidirektør Inger Tone Ødegaard i Næringsforeningen i Stavanger-regionen følgde opp med å understreka kor viktig det er å ta seg av dei utanlandske arbeidstakarane som kjem til regionen, få dei til å trivast og læra av dei. Det er jo ikkje sikkert me er best i alt. Og utlendingane kan bli gode å ha når me skal internasjonalisera oss, meir og meir.

SVARET PÅ korleis det vil gå, kan ingen gi i dag. Historia kan gi oss hjelp og sjølvtilit, men samtidig står me overfor ein global økonomi som er i enorm omstillingstakt, der teknologi og fri flyt snur opp ned på gamle sanningar. Det vil setja vestlendingane på nye og ukjende prøver.

Når ein skal inn i nytt og ukjent terreng, er det ofte lurt å prøva seg fram langs fleire vegar. Derfor kan det liggja ein utilsikta fare i ropet om at «landsdelen skal tala med ei stemme», eller «prioritera og vera tydeleg», som Monica Mæland sa. Det er ikkje sikkert at Vestlandet er tent med å definera interessene sine for smalt og einsretta.

Nyskaping er i sin natur ein uryddig prosess. At det finst ulike miljø og interesser som dreg i forskjellig retning – ja, av og til kranglar så busta fyk – kan vera ei kjelde til kreativitet og ekstra innsats. Det er også ein del av Vestlands-historia.



KOMMENTAR
TOM HETLAND
tom.hetland@aftenbladet.no

Økonomi Regjeringen Solberg

Næringslivet gir Solberg god karakter

► «Positive takter», er konklusjonen når næringslivstoppene feller dom over regjeringens første 100 dager.

DAVOS

– En firer. Om det er terningkast vi driver med, sier Remasjef Ole Robert Reitan.

Regjeringslederne Erna Solberg (H) og Siv Jensen (Frp) markerer 100 dager i koalisjon på Verdens økonomiske forum i Davos i dag.

Der er også flere norske næringslivsledere, som gir den borgerlige innsatsen bestått.

– Jeg vil gi dem en bra karakter basert på de 100 første dagene med utgangspunkt i økonomiske forhold, sier DNB-sjef Rune Bjerke.

– På 100 dager kan man bare drive symbolpolitikk, men på symbolpolitikken gjør de det riktig bra, mener investor og Høyre-støttespilleren Jens Ulltveit-Moe.

Klima-kritikk

At «blårussen» i Davos er velvillig innstilt overfor en borgerlig regjering, er kanskje ikke så overraskende. Men det er også noe kritikk å hente for Solberg blant næringslivslederne.

– Den store skuffelsen er på klima. Der er denne regjeringen veldig passiv. Å ta vare på kloden og miljøet rundt oss, er essensen av konservatismen, sier Ulltveit-Moe.

Arvet budsjett

– Jeg tror det er veldig mange gode tanker, og så synes jeg

at de vært litt seine med å få ut fingeren på en del ting, sier Reitan.

– Men det å arve et statsbudsjett er en utfordring, sier han og ønsker seg en politikk fra Solberg og Jensens mannskap som legger like rammebetingelser for næringslivet.

– Det er litt blandet, men juryen er ute ennå, sier investoren Johan H. Andresen Jr. og bemerker at regjeringen valgte å videreføre konserntene «som ble en dyr overraskelse for større bedrifter».

– Oppløftende

– For et globalt aluminiumselskap med norsk forankring er regjeringens klare fokus på økonomisk ansvarlighet for å sikre konkurransekraft, svært oppløftende, sier konsernsjef Svein Richard Brandtzæg i Hydro.

Telenor-sjef Jon Fredrik Baksaas understreker at det fortsatt er tidlig, men at han synes den nye regjeringen har kommet godt i gang.

Han ser også for seg en utfordring i regjeringssamarbeidet. – Det er vel ikke usannsynlig at det kommer til å bli slitasje også i den kombinasjonen, slik som den andre siden av bordet hadde i sin periode, tror han.

– Fine takter

DNB-sjefen mener å se posi-

tive takter på tilretteleggingen for næringslivet og bankene.

– Jeg synes starten har vært bra. Jeg synes de har angrepet utfordringer offensivt, og i så måte har de definitivt skuffet alle dem som trodde at en regjering bestående av Høyre og Fremskrittspartiet skulle føre til en uansvarlig økonomisk politikk, mener Bjerke.

Den første prøven blir budsjettet neste år som for alvor viser prioriteringene regjeringen har, sier Ulltveit-Moe og vil ha bort formuesskatten, mindre overføringer til jordbruket og mer utbygging av vassdrag og vindparker.

Skruteliste

Selv konkluderer Erna Solberg at regjeringen er godt i gang med å innfri løftene. Hun mener regjeringen har en lang skryteliste over innsatsen blant annet innen samferdsel, utdanning og innovasjon.

– Vi jobber med en langsiktig politikk for et mer konkurransedyktig Norge, et enklere Norge, sier hun og mener regjeringen har klart å gjøre store endringer i det budsjettet den arvet fra de rødgrønne.

– Vi har bidratt med lave skatter og løftet de viktigste prioriterte områdene for denne regjeringen, sier hun. (NTB)



Statsminister Erna Solberg på vei til kongressenteret i forbindelse med World Economic Forum i Davos.

FOTO: LISE ASERUD / NTB SCANPIX